

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG



20. oktober 2022

Vedteken detaljreguleringsplan for Meland kyrkjegard.

Viser til vedteken reguleringsplan for utviding av Meland kyrkjegard og berørt privat vassledning til eigedomane gnr.316 bnr 4/ gnr. 316 bnr 44 med forgreining i kumme til gnr.317 bnr.3 på Bjørnestad.

Det er postivt og eit godt utgangspunkt at det i Sakspapira om utgreiing av reguleringsplan er ønskelig med god dialog for omlegging av privat tinglyst vassleidning som hamnar inn under det aktuelle regulerte området.

Desse innspela er også belyst tidligare i Saksdokument: *19/15707 Merknader til reguleringsplan for Meland gravplass*

Eigedomane vil belysa kvifor dei fortsatt ynskjer å ha tilførsel av privat vatn og begrunner det med:

- Det er god vasskvalitet på vatnet og det er stabilt god tilførsel av vatn til brønn sjølv i perioder med tørke.
- På gnr 316 er det 2 eigedomar og ei løe med spyleuttak og vassuttak for drikkevatn til husdyr. Korleis tenker kommunen å løyse tilføsel av vatn til desse bygga då høgdeforskjellen mellom høgdebasseng og bygg er så liten at vasstrykket blir særslig lågt?
- I perioder med straumstans har bygga fortsatt vatn og er ikkje avhengig av vasspumpe
- I desse tider og for all framtid må ein taka høgde for å vera sjølvberga med det mest elementære for å livberga seg i kvarldagen. Det å «tru» at ein ikkje treng tenka slik er ein naiv tankegang og spesielt i desse tider. Sjølv om ein skulle ha svakt tilsig ved påkobla kommunalt vatn som er langt under lovlig trykk ved straumstans så kan ein likevel risikera at lågareliggende område vil ta alt vassforbruket på grunn av vakum i systemet og hindrar vasstilførsel til omtalte bygg sidan ein då ikkje får påfyll i høgdebasseng grunna straumstans.
- Omlegging av eksisternade vassledning kan løysast enkelt og på ein rimelig måte. Sjå vedlagt kart for detaljer, 3 ulike kart som forslag
- Det må vere ein fordel for kommunen at dei som har god privat vasstilførsel og har god vasskvalitet fortsatt kan bruke dette på grunn av høg bustadutbygging i området. Dette gjer at dagens kommunale vassleidning får avlastning på eit allereie høgt belasta anlegg.

Grunneigarane ser fram til ein minnelig løysing der begge partar ser seg fornøyd med ei enkel og god løysing.

Helsing grunneigarane av

Eigar av gnr 16 bnr 4

Knut Magne Bjørnestad
Knut Magne Bjørnestad

Kari Bjørnestad
Kari Bjørnestad

Eigar av gnr 17 bnr 3

Anne Kari Walde
Anne Kari Walde

Geir Kippersund

Eigar av gnr 16 bnr 44

Knut Martin Bjørnestad
Knut Martin Bjørnestad

Linn Maria Monstad
Linn Maria Monstad